



*Takk, gode Gud for moder Jord, Hun gjør oss ett med alt som gror. Hun bærer trær og blomster frem
Og smykker by og land med dem. Halleluja, Halleluja. Takk for alle dine under. (NS 290)*

Nr. 3

62. årgang

Allehelgen 2021



Andakt

Og han sa til dei: «Grøda er stor, men arbeidsfolka er få. Be då han som er herre over grøda, at han må senda ut arbeidsfolk til å hausta inn grøda si.

(Lukas 10:2)

Har du plukka bær i haust? Det var sanneleg nok til alle i år. Store mengder både molter og tyttbær, ja blåbær også. Kjekt å plukke, renske, fryse eller konservere på anna vis. Smakar nydeleg gjennom vinteren, kjekt å gi bort eller få.

Eg kjende faktisk på det då eg gjekk ifrå modne bær som eg ikkje plukka på ettersommaren. Uff, dette er nesten som å kaste mat.

Verset eg bruker til andakten denne gongen, er frå Mikkelsmesse og dagen for hausttakkefest.

Grøda, eller avlingen, er stor, seier Jesus. Kva slag grøde snakkar Jesus om? Folk? Nei, det trur eg ikkje, for han snakkar om arbeidsfolk rett etterpå. Eg trur

avlingen Jesus snakkar om, er Guds grenselause nåde og kjærleik til alt og alle som lever. Sjå føre deg moltemyrar så langt auget kan sjå – modne flotte molter, og igjen fleire modne 5-6 dagar seinare. Det ville være for gale om dei gjekk tapt, rotna og ikkje kom i hus, ikkje sant?

Kan Jesus meine at det same skjer med Kjærleiken? At den veks og lever, og til og med rotnar og dør, dersom den ikkje vert «plukka», tatt vare på, ja - brukt? Ja og tenk på at det er så mykje av den – nok til alle!

La du forresten merke til arbeidsoppgåva Jesus skisserer i møte med denne utfordringa? Det var ikkje eit sterkt og klart «kom dykk opp av stolen og ut og hent inn alt før det rotnar» – det må eg innrømme var min første tanke – nei, det står «be». «Be han som er bestemmer over avlinga at han skal sende ut arbeidsfolk.»

I skrivande stund har me hatt bispevisitas i Vang, og ei av dei 12 utfordringane i Kyrkja i Vang har fått å jobbe vidare



med, er nettopp å rekruttere arbeidsfolk i kyrkjelege stillingar. Eg hadde verkeleg likt å få med meg ein ungdom i arbeidsveka hennar/hans!

Oppgåva me alle er sett til i møte med den store avlinga er likevel uvanleg enkel. Be. Berre gjer det. Ingen skal godkjenne bøna di.

Ingebjørg Laugaland
Sokneprest i Vang

VANG KYRKJE

Tyinvegen 5145
2975 Vang i Valdres

Kløgkar: Helge Lajord
Kyrkjetenar: Ola Bøland
Soknerådsleiar: Rita Helen Dalemark
rita.helen.dalemark@vang.kommune.no
Kontonr: 2146.60.18764
Vipps 590297

HEENSÅSEN KYRKJE

Hensåsvegen 300
2975 Vang i Valdres

Kløgkar: Solveig Heimlid
Kyrkjetenar: Tore Hovda
Kyrkjevevje: Håkon Berge
Soknerådsleiar: Ragni Almenning
ragni.almenning@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09721
Vipps 129651

ST. TOMASKYRKJA

Filefjellvegen 715
2978 Tyinkrysset

Kløgkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kontonr: 2146.60.04674
Vipps 118656

HØRE STAVKYRKJE

Hørevegen 350
2973 Ryfoss

Kløgkar: Geir Kongslie
Kyrkjetenar: Odd Helge Rudi
Kyrkjevevje: Andris Kjøs
Soknerådsleiar:
Marta Bjørnøy Lalim
martalalim@gmail.com
Kontonr: 2146.30.09969
Vipps 544817

ØYE KYRKJE OG ØYE STAVKYRKJE

Øyevegen 130/135
2977 Øye

Kløgkar: Ola Bøland
Kyrkjetenar: Olav Bøland
Kyrkjevevje: Ove Trøen
Soknerådsleiar: Torild Øye
torild1707@gmail.com
Kontonr: 2146.20.55304
Vipps 118656

TILSETTE:

Sokneprest:
Ingebjørg Vik Laugaland
Tlf: 926 53 320
e-post: il597@kirken.no
Presten har kontor på Drengestøga.
Ta kontakt på telefon for avtale.

Kyrkjekontoret på Kløgkarhaugen
Dagleg leiar: Guro Hovda
e-post: gh575@kirken.no
Sekretær: Jovita Budvytiene
e-post: jb459@kirken.no
Tlf: 61 36 95 90
Kontortid: 08.30-15.30

Kantor i alle kyrkjer: Arthur Bødvytis

Kyrkjegardsarbeidar ved alle kyrkjer:
Nils Bjarne Wangensteen
Tlf: 926 67 124
Felles e-post:
post.vangivaldres@kirken.no

Neste menighetsblad utkommer uke 47, frist for innsending av tekst og bilder er 25. oktober 2021. Bidrag sendes på epost til vangmenighetsblad@gmail.com

Framsidedfoto: Konfirmantkullet 2021. Fotograf: Sven Ingar Moen

Blomstereng

Jeg håper sommeren har vært god for alle og at det er greit med litt kjøligere vær og mørkere kvelder.

I forrige menighetsblad skrev jeg om et prøveprosjekt med å sette igjen noen av områdene på kirkegårdene til blomstereng, for å bidra med mat for bier og humler. Dette ble bare så passelig vellykka, og vi ser nå at det ikke ble så vakkert. Vi har mye blomstereng ellers i Vang, så fra neste år klipper vi som vanlig igjen.

Avfallsordningen

Avfallsordningen på kirkegårdene

er en utfordring, for det er tydeligvis vanskelig å sortere riktig, og det blir en lite hyggelig jobb å sortere dette før det kan leveres på renovasjonen. I høst er det satt ut nye avfallsdunker på alle kirkegårdene. De er til **plast**: blomsterpott, blomsterbrett, plastposer o.l. På denne måten håper vi at det blir lettere å sortere.

Kirkelig omorganisering

Du har kanskje fått med deg at det jobbes med ny kirkelig organisering, der en felles arbeidsgiver for alle kirkelig ansatte er et mål. I dag er presten ansatt hos biskopen og de andre ansatte i fellesrådet. En stor høring er ute nå, og



fellesrådet og soknerådene har svart. Vi er ikke ubetinga enige i forslaget som legger opp til mer sentralisering, men har kommet med konstruktive innspill som sikrer mest mulig lokal styring.

Guro Hovda

Kyrkjekontor på Klokkarhaugen

13. juni i år flytta kyrkjekontoret frå kommunehuset til Klokkarhaugen. Vi fekk det litt trongt med tre tilsette på to kontor, og meir plass var det ikkje til oss på kommunehuset. Vi fekk tilbod om å flytte til Klokkarhaugen - då ville vi få betre plass. Så vi takka ja og har fått det svært triveleg her.

Kontormedarbeidar Jovita og eg, kyrkjevevja, har kontor i 1. etasje, og organist Artur er i 2. etasje. Vi har alle fantastisk utsikt utover Vangsmjøsa mot Vennis, har hatt mange lunsjar ute på plassen, og Leif har hestane sine på beite utanfor. Rein idyll!

Det er ein særeigen ro i huset, som vart sett opp her i 1863. Dei gamle tømmerveggane hadde nok hatt mykje å fortelje, om dei kunne snakke. Her har vore m.a. lærarbustad og kommunesal, bunadssaum, kontor, massasje og kafeteria med informasjon. Ein kuriositet er at oldemor mi var tenestejente her hjå læraren då ho var ung, og no er eg på ein måte «tenestejente» for kyrkja i Vang.

Kom gjerne innom og sjå korleis vi har det!

Guro Hovda



Bispevisitas i Vang

Biskopen er på visitas i Vang. Det er merkedager – og travle dager både for henne og dem som skal være med. En som så programmet, kommenterte: «Skal dere ta livet av biskopen?»

Tema for visitasen er Møteplasser. Som redaktør for menighetsbladet vil jeg gjerne være med på flest mulig av møteplassene. Jeg har truffet henne før. Da hun var ny som biskop i Hamar var alle soknerådsmedlemmene i Valdres invitert på et møte hvor hun skulle være tilstede. Det gjorde inntrykk at hun gikk rundt og håndhilste på samtlige. Hun så rett på meg, husker jeg, med et intenst, smilende positivt blikk, som om hun ville si: «Deg vil jeg bli kjent med». Jeg har aldri glemt det blikket – og jeg gjenopplevde det nå, på morgensang i St. Tomaskyrkja på visitasens første dag, tirsdag 28. september – den samme følelsen av å være særskilt velkommen. Biskop Solveig hilste forsamlingen, Ingebjørg prest fortsatte med en kort preken over en tekst fra Lukas kap. 10 – teksten for Mikkelsmesse, neste dag – der hun særlig filosoferte over Guds grøde, som hun tolket som Guds uendelige nåde.

Etter selve morgensangen stilte Bjørg Grøv med kaffe og deilig kringle, og Carl Philip hadde en kort og humoristisk gjennomgang av historien både til St. Tomaskyrkja og til kirkeklokkene, hvor den ene sies å ligge på bunnen av Smeddalsvatnet. Carl Philip fortalte også anekdoter fra sine opplevelser

i St. Tomaskyrkja, som den gangen Ola kirketjener stoppet messen for å ha brannøvelse. Også biskopen viste seg som en humoristisk dame og fortalte pussige episoder fra sitt liv og virke. Bjørg Grøv fortalte at hun og mannen Ola – som dessverre var forhindret fra å møte – hadde holdt kirken åpen sommerstid i årevis, på frivillig basis. Det hadde pleid å være mye folk innom, kanskje bare for å være til stede i stillhet en kort stund. Carl Philip takket for denne store innsatsen gjennom mange år.

Etter ute-lunsj i strålende høstvær, med matpakker fra Tyinkrysset fjellstue, hadde biskopen møter med de kirkelig ansatte, soknerådsmedlemmene og Kirkelig fellelsråd.

Neste dag var «mingledag» som startet med frokost i Saras kafé. Marta Bjørnøy Lalim, soknerådsleder i Høre, var vert, godt og sjarmerende hjulpet av sønnen Sivert. Det var en hyggelig og givende samtale omkring emnet «Ditt forhold til kyrkja». Deretter møte med menighetsbladets redaksjon hvor det var mye råd og tips å få. Så gikk det slag i slag med jaktlunsj på Rognstølen, stille stund i Høre stavkyrkje med rolig gitarmusikk ved Eskild Kjøs og orgelmusikk ved organist Arthur, før møte om åpne kirker og utfordringer med stell av kirkegårdene, og deretter en stund med konfirmantene på Jokerspace. En dag som kunne ta pusten fra de fleste ble avsluttet i Heensåsen kirke med samtale



mellom biskopen og redaktøren i avisa Valdres, Hilde Lysengen Havro – mange gode tanker omkring kirkens rolle i samfunnet og i hvert enkelt menneskes liv. Hilde snakket bl.a. litt om «mileniumsgenerasjonen», hvorpå biskopen




elegant omskrev en kjent tekst til: «Gjør for din neste og naturen det du vil at din neste og naturen skal gjøre for deg.» Hun nevnte også det jeg tror mange kjenner, at «der orda ikkje når inn, når tonane inn». Over hele dagen hvilte Hammar bispedømmes visjon: «Hellige rom for alminnelige liv».

Torsdagen var avsatt til møter med kommuneledelsen og skolen, samt andakt på Vangsheimen og bedriftsbesøk ved Vang Autoservice. Etter skoletid var det tårnagentpresentasjon i Øye kyrkje. Dagen ble avsluttet stemningsfullt med kveldssang i Øye stavkyrkje. Bare kjente salmer, som vi fikk velge selv og de fleste kunne utenat, og en kort preken, før biskopen leste velsignelsen.

Takk for tre innholdsmettede, givende dager!

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne



St. Tomas-kyrkja 50 år

Etter ei hetebylgje over Sør-Norge i lengre tid var det duka for bygevêr og torevêr. Og feiring av at det syftesok, 2. juli, var 50 år sidan St. Tomas-kyrkja på Filefjell vart innvigd.

I koronatida var det lagt opp til utan-dørs arrangement, men da dagen og bygevêret kom, vart det beslutta at delar av arrangementet likevel skulle skje innandørs – dette «fordi vi var så lite troende», som Carl Philip humoristisk formulerte seg. Og mange kom, frå Årdal, Lærdal og Vang, samt hyttebuarar og andre – ikkje minst dåpsfølget Skrebergene Stende frå Øye. Og sola kom! Vangsgjeldingane hadde reist frå torevêret i bygda og møtte sola da dei kom ut av tunnelen rett aust for kyrkja. Folk benka seg på medbrakte stolar på kyrkjebakken, og mange trefte kjente å prate med. Dåpsfølget og ein del andre hadde plass inne i kyrkja, der messa føregjekk med høgtalar ute, som fungerte utmerkt.

Jubileet samla talrike geistlege: biskop Solveig Fiske, prost Carl Philip Weisser, vår eigen sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland og sokneprestane Wenche

Lie Lysne og Olav Nese frå Årdal og Gunnar Eldevik frå Lærdal – om lag like mange som ved innviinga for 50 år sidan. Sigrid Nystuen ringte inn messa. Tipp-tipp-oldefar hennar var den siste ringaren i den gamle stavkyrkja, men ved den aller siste messa før rivinga i 1808 fekk han hjelp av den fire år gamle sonen sin, Sigrid sin tipp-oldefar. Og Sigrid var den fyste ringaren i den nye kyrkja, 10 år gamal, så ho var den sjølvsgatte ringar ved jubileet også. Ho trakterte klokkene med nennsemd, vårt og med ein litt annleis rytme enn ein oftast høyrer, mest som ein mjuk, litt doven danserytme.

Messa vart leia av sokneprest Ingebjørg Vik Laugaland, som også døypte Oliver. Liturgien vart framført i samarbeid mellom alle prestane og prosten, og biskop Solveig Fiske heldt preika. Ho innleidde med å få barna fram til seg og song saman med dei – også ein song som ho lærte oss alle, og både barn og vaksne deltok. Ho nemnde at kyrkja vart innvigd av den katolske biskop John Willem Gran og den lutherske biskop Alex Johnson på syftesok 1971 som ei økumenisk kyrkje. Syftesok er



til minne om helgenen St. Svithun og samstundes Maria Bodskapsdag. Og Maria Bodskapsdag handlar m.a. om møte mellom menneske, som kan hjelpe til å opne opp for nye tankar og idear. Organist Arthur Budvytis i Vang spelte Tomasklukkanlåten på piano som preludium, og kantor i Årdal Freek Ypma spelte eit stykke av Händel til postludium, og elles delte dei akkompagnementet til salmane mellom seg.



Høre mannskor med Oddbjørn Skeie som dirigent deltok i messa med Gud signe Noregs land og Fedrelandssalmen. Jørgen Andrisson Kvam spelte til inngangs- og utgangsprosesjon.

Etter messa var det kyrkjekaffe og kringle, og mange stilte svolten med rømebraut og spekemat eller pølse med tilbehør hjå Øko-Nils, Nils Torstein Hermundstad. Anny Holien, som er oppvaksen i Øye, fortalte til menighetsbladet at ho hugsar godt innviinga i 1971. Far hennar var med i soknerådet, og mor hennar hadde fått i oppdrag å samle inn fjelldrønning, den vakre blomen som veks omtrent på bart fjell, til pynt. Anny var sjølvsagt med, og ho hugsar spesielt at denne blomen fylte vinduskarmene rundt heile kyrkja.

Så var det jubileumsprogram på kyrkjebakken, med Carl Philip som leiar. Mannskoret song tre songar, deriblant Skumring, som var blant dei fyste songane dei hadde på repertoaret ved starten for 78 år sidan. Dei avslutta med Fagert er landet – ein song som det er lett å slutte seg til for oss som er så heldige å bu i dette rike, vakre landet, og ganske spesielt i Vang. Ordførar Vidar Eltun helste frå kommunen, på sin særmerkte måte med blanding av skjemt og alvor. Carl Philip nemde elles at gjennom dei 50 åra St. Tomas-kyrkja har stande her, er 193 ungar døypte og 116 par vigde, så kyrkja har nok hatt ein særskilt plass i hugen til både hyttefolk og fastbuande på bae sider av fjellet. Det første brudeparet var Aud Solveig Tryti og Kaare Vennerød, ved innviinga i 1971.

Klokkene i St. Tomas-kyrkja fekk ein særskilt plass i programmet. Klokkene er truleg støypt i nærleiken av Smeddalsvatna, der det var jernutvinning, men ingen veit kor gamle dei er. Det



vart støypt to klokker, men den eine datt i Smeddalsvatnet da den skulle fraktast til kyrkja, så dei måtte lage ny. Anne Lajord Belsheim song m.a. den gamle songen *Ho syste mi ligge på Smeddale, på Køparberg, på Smeddale*, ein song der både den enkle, repeterande teksten og den såre melodien speglar saknet etter systera. Da den gamle stavkyrkja vart riven, vart klokkene frakta til kyrkja i Vang hovudsokn, men der læt dei nesten ikkje. Etter ei tid kom dei til nye Øye kyrkje, og der vart klangen noko betre, men fyst da dei kom attende til Filefjell, fekk klokkene den rette klangen att. Og Anne song også delar av *Klokkene kallar på ny*, som Olav Rudi skreiv til innviinga for 50 år sidan.

Det var lova at arrangementet skulle vere avslutta til kl 15. Og sjølv om Carl Philip hadde formulert seg som «lite troende» ved starten av arrangementet, heldt sola seg stort sett framme, mellom enkelte små skyer, heile tida. Men temmelig presis kl 15 var det slutt: regnet begynte å dryppe nokså bestemt, og i austre ende av Filefjelltunnelen var himmelen gråsvart og det pøste ned.

Hadde det regna der heile tida tru?

Vel blåst, Øye sokneråd, Ingebjørg, Carl Philip og alle andre som hadde hatt ei rolle med planlegging og gjennomføring av dette arrangementet! Det var ei markering som var ein 50-åring verdig!

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne
Foto: Jovita Budvytiene



Langs kystpilegrimsleden

Etter omvising i Nidarosdomen sist i juli steig undertekna om bord i fullriggaren Christian Radich som lå til kai i Trondheim. 30 andre pilegrimsfararar og om lag like mange i tillegg til desse gjorde det same.

Spente og forventningsfulle møtte vi eit hyggeleg og venleg mannskap som viste oss til «buplassar» om bord: To store salar med fastmonterte senger etter veggane, og hengekøyar på rad og rekke dingla over hovudet på dei «fastbuande». Vi skjønnte fort grunn til å halde god orden: for tryggleik om bord, for tilstrekkeleg med plass til kvilepausar og for måltida; gode og næringsrike måltid kvar dag. Det var imponerende kva kokkane laga til oss av ulike matrettar – sjølv med liten plass.

I strålende solskin køyrde den 73 m lange, staselege seglbåten ut Trondheimsfjorden og inn i Romsdalsfjorden i løpet av det første døgnet. Om bord verka rollefordelinga klar. Eit dyktig mannskap såg til ein kvar tid ut til å vite kva dei skulle gjera og tok oss med på arbeid.

Vi var medseglarar inndelt i vaktlag med ulike oppgåver. Roret måtte styrast manuelt; kjekt å prøve, men ikkje heilt enkelt å forstå i starten. Tryggleiksrunde om natta med kontroll av eventuell uønska varme, vasslekkasje, kjølerom osv. Utsiktspost fremst på båten – ganske så ulikt i dagslys og i mørke. Medan vi segla inn Hjeltefjorden mot Bergen, hjalp vi til med å snu dei tre masteriggane 45 grader – eit spanande og hardt arbeid som krevde oversikt og samarbeid, mykje kunnskap og god leiarevne. I tillegg til fast mannskap hyrar Christian Radich inn nokre ungdomar som har droppa ut av skulen. På Christian Radich får dei mykje praktisk arbeids erfaring, opplever meistringskjensle og anerkjenning i eit kameratsleg og trygt miljø.

Med Pilegrimsseilas som tema vitja vi tre øyar viktige for pilegrimar langs kysten på tur til og frå Nidaros i gamal tid: Veøy, Herøy og Selja. Vi køyrde med lettboatar inn til desse øyane, øyar som låg lagleg til for båttrafikken i viking-

tida. På Veøya fekk vi omvising i den staselege prestegarden og den romanske steinkyrkja frå 1100 talet; i dag tilhøyrande Romsdalsmuseet. Veøya hadde si storheitstid i åra 950–1400. Øya var allereie nemnd av Snorre i samband med slaget ved Sekken i 1162 og baglarane sitt angrep på birkebeinarane i 1206. Ved utgravingar på øya i vår tid fann dei restar etter den første kristne kyrkjegarden i landet. Veøya var elles Norges første landskapsvernområde.

Herøya var den første viktige hamna nord for Stad og eit sentrum for kyrkjelege handlingar i mellomalderen. Gjennom 17- og 1800-talet gjekk det føre seg mykje handel på øya. Vi fekk ei interessant omvising på området. To kyrkjer vart bygd på 1100-talet, men i dag finst berre ruinar att etter desse. Kystmuseet på øya er ein del av Sunnmøre museum.

Etter å ha passert Vestkapp-platået ankra vi opp i Seljevågen for besøk på Selja. Sunniva-legenda fortel om kongsdottera frå Irland som la ut på havet for å sleppe unna ekteskap med ein heidensk og brutal krigar. Sunniva og størsteparten av fylgjet hennar strandda på øya Selja der dei vart sett på som inntrengarar og farlege av dei fastbuande. Av frykt for heidningane slo dei seg til i grotter og jordholer. Ut frå denne hendinga fekk Selja bispesete i 1068 og etter kvart bygging av eit benediktiner-kloster. Vi kunne gå inn i tårnet. Ute vandra vi rundt mellom mange og mektige murar etter klosteret, og vi observerte ungdom i gang med slåtten på vollane. Vi fekk flott utsikt utover havet då vi klatra opp alle steintrappene til Sunnivagrotta, grotta der Sunniva enda sine dagar.



Vi kom til Selja olsokdagen. Der feira dei ikkje olsok, men markerte St. Sunniva-dagen tidlegare på sumaren i staden. På desse tre øyane fanst det spor etter kristendom frå mange år før kristendomen offisielt vart innført i Norge med Olav den heilage...

Stor aktivitet rådde rundt desse tre øyane i vikingtid og mellomalder. I dag har Selja nokre fastbuande, Veøya og Herøya ingen. Vi er stadig i endring, tettstader endrar status, og nye tettstader oppstår...

Lykkelege vi som våga å seie ja til pilegrimsseilas; denne gongen arrangert av avisa Vårt Land med Helge Simonnes som turleiar. Vi var ekstremt heldige med veret og brukte meste av tida oppe på dekk. Vi fekk rikeleg med høve til avslapping og samtalar med medseglarar. Vi lytta til bylgjeskvulp, naut synet av flotte solnedgangar og syntest sjølivet var supert.

Vi visste lite om kva vi gav oss ut på, men kom fornøgde tilbake med rike opplevingar i bagasjen. Det freistar til gjentakning, og vi tilrår gjerne turen til andre.

I tilfelle – god sjøreise frå oss!

Tekst og foto: Kari Bø Wangensteen
Foto: Kristin Bakke Lajord



Stølsmesse på Grøvtølen

I Menighetsblad for Vang står det gudsteneste på Grøvtølen 1. august, 10. søndag i treeiningstida. På Kyrkja i Vang si side på facebook finst heldigvis informasjon angående gudstenesta på Grøvtølen; altså ved Helin og ikkje i Filefjellområdet – kjekt med litt lokal geografioppdatering.

Nordvest for Helinvatnet ligg kyrkje-rommet, og vi benkar oss på den grøne sletta nær vatnet. Det er høgt under taket i kyrkja denne sundagen. Altaret står pynta med kvit duk og fjellblomar, og «altartavla» ruvar i bakgrunnen dekorert med stølar, skog og fjell frå motsatt side av Helinvatnet. Kyrkjjetenar Ola ringer inn til messe på stølsvis, klokkar Helge leiar oss gjennom songane med stødig stemme, og Oddbjørn, organist for dagen, spelar mjuke og fine tonar på gitaren.

Kyrkjeåret sine tekstar for denne sundagen er ikkje dei enklaste. Men sokne-prest Ingebjørg er som alltid godt førebudd og konkretiserer tema ved å krype inn i ei ramme av gjerdenetting. Slik demonstrerer ho

korleis vi menneske kan rote det til for oss sjølve og verta fanga i eigen misnøye og ufridom viss vi let egoisme og negativitet råde. Sjølv sagt skal vi ta omsyn til oss sjølve, for elsk din neste SOM deg sjølv, står det – både oss sjølv og nesten vår; men gløymer vi det siste? Meg sjølv nok, sa Peer Gynt. (Vi fylgjer spent med på om Ingebjørg greier å koma seg utatt or dette sjølvлага fengselet.)

Preikene til sokneprest Ingebjørg fører ofte med seg vidare tankeverksemd – også denne gongen – tankar å tenkje gjennom på tur heim.

Vi vert møtt av blide og hyggelege representantar frå soknerådet i Vang, og dei diskar opp med bålcaffi og smakfulle lappar til slutt. Takk til Vang sokneråd for tilrettelegging og god servering, og takk til sokneprest Ingebjørg og medhjelparane hennar for ei tankevekkande gudsteneste ute i det fri.

Tekst: Kari Bø Wangensteen
Foto: Kristin Bakke Lajord



Døde i Vang det siste året

(oktober 2020 - september 2021)



Vang sokn

Magnus Olai Eidsvoll	95 år
Per Hytten	82 år
Solveig Marie Kvam	105 år
Elisabeth Maria Sparstad	92 år
Målfrid Haugen	93 år
Astrid Katevoll	88 år

Høre sokn

Ola K. Skjefte	77 år
Tordis Marie Kirkeengen	72 år
Randi O. Veflen	73 år
Marie Lokreim	87 år

Solefallsmesse på Heensåsen

Hva skal til for å lage solefallsmesse på Slettefjellet? Sol, selvfølgelig. Solnedgang. Og Slettefjellet. Og et samarbeid mellom to sokneråd, en prest og to sett med andre ansatte. I fjor manglet sola men regnet flommet rikelig, så arrangementet ble flyttet til Høre kirke. I år var sola til stede i rikt monn, men værgudene syntes likevel ikke om ideen og sendte kraftig vind. (Og til neste år kommer det vel snø, som en av de fremmøtte bemerket.) Det var umulig å oppholde seg i fjellet – i hvert fall utendørs – og på toppen av Slettefjellet blåser det mer enn de fleste steder, så arrangementet ble flyttet til Heensåsen kirke. Og det ble en fin stund for alle som valgte å komme selv om det ikke ble utendørs messe denne søndagskvelden. Solveig Heimlid – som hadde holdt gudstjeneste i Slidredomen tidligere på dagen – innledet med en kort oppsummering av det sentrale i tekstene, før Ingebjørg ledet gudstjenesten. Salmene var omhyggelig valgt med tanke på solefallet, men passet i alle fall godt for en kveldsmesse midtsommers. Ingebjørg



holdt en tankevekkende preken hvor hun snakket om å gi av det man har – mye eller lite – og hvordan alle våre «greier», alt vi har eller driver med og alt som binder oss, kan stå i veien for budskapet og for å kunne gi og kunne dele. Til avslutning sang Anne Lajord Belsheim salmen Se solens skjønn lys og prakt til en folketone fra Vang. Soknerådene hadde oppfordret til at man tok med seg kveldsmat og spiste

sammen etter messen, og vinden på Heensåsen var ikke verre enn at de fleste samlet seg på kirkebakken og fikk en trivelig prat. I godt samsvar med innholdet i dagens tekster delte man med hverandre. Og sola gikk ned over Hensfjellet og oss som hadde ventet de ekstra minuttene til solefallet.

Tekst og foto: Sidsel Offergaard Jevne

Foto: Hanne Kjersti Berge



FRIST
FOR INNSENDING AV
STOFF TIL NESTE UTGAVE
25. OKTOBER

Katafalkteppe og kristneteppe – sorg eller glede

Fekk lyst til å forklare litt om det som ved eit par anledningar har vorte kalla «det svarte kristneteppe» ved Høre kyrkje. Svarte kristneteppe finst ikkje, det er eit katafalkteppe, brukt ved sorg i begravelsar. Det motsette, kristneteppe, er brukt ved glede og er soleis i friske, glade fargar.

Bakgrunnen for katafalkteppet i Høre er fylgjande: Hans Thingelstad såg at det gamle katafalkteppet var nesten utslitt og sette i gang arbeidet med å få laga eit nytt. Han tykte skilbragd-teknikken, den same som er brukt i kristneteppe her i Valdres, var fin og tradisjonell. Han jobba fram eit forslag for å få dette godkjent hos Riksantikvaren, og etter noko att og fram fekk han forslaget sitt godkjent.



Bårerommet ved Høre stavkyrkje med dei to katafalkteppa

Vevinga fekk eg spørsmål om å gjere. Dette tykte eg var interessant, og resultatet var at eg vov to teppe til Høre kyrkje og seinare eitt til Heensåsen kyrkje (det andre der er vevd av Dorthe Hauge i Lomen).

Teppe er soleis vevd i skilbragd-teknikken, som har med treing av trådane i renninga å gjere. Renninga er kvitt, tynt bomullsgarn. Annakvart innslag er i tynt lingarn og vanlig ullgarn. Katafalkteppet vart godkjent med svart mønsterinnslag av ull og kvite kryss (kors) i kvitt ullgarn i enkelte ruter etter eit system. Dette er soleis eit katafalkteppe, godkjent av Riksantikvaren, noko som alltid må gjerast når det gjeld stavkyrkjene i Norge.

Tek så med litt om «gledesteppe», sjølv kristneteppe i friske fargar, som også er vevd i teknikken skilbragd. Fargane her er raudt, grønt og svart med få innslag av gult. Etter ei innsamling og utstilling i regi av Valdres Husflidslag av slike teppe, fant vi at der Nord-Valdres bruka grønt, var dette ofte bytta ut med blått i Sør-Valdres.

Nemninga kristneteppe skal koma av at ungane vart bore til dåpen i eit slik teppe, altså vart kristna. Kristneteppe blir også i dag brukt ved dåp, der ungane ligg på kristneteppe i dåpskjolen sin under sjølv dåpshandlinga i kyrkja.

Frå eldgamalt tid vart teppe brukt til å «tjelde» (pynte) i stovene ved høgtid som jul og festlege anledningar. Juleaften, når kyrkjeklokkene ringde jula inn, vart kristneteppe hengt opp i høgsete ved bordet med eit mindre, kvitt pyntehandkle over med fine bordar på. Desse bordane var laga i teknikken filering eller firfletting. Seinare har hekling vorte brukt i slike bordar ettersom det er få son kan filering/firfletting i dag. Dei er såkalt «raudliste»-teknikkar som må takast vare på.

Ved tidlegare nemnte utstilling fant vi og at i Vang var filering mykje bruka, medan i Øystre Slidre var firfletting meir vanleg. I Vang var det kvite julehandkle med filering eit heilt kvitt tøyestykke, medan i Øystre Slidre var det to smalare tøyestykker ved sidan av kvarandre med ei kappe i firfletting.

Kristneteppe og julehandkle skulle så hange oppe til jula var slutt 20. dag jul (13. januar). I mi stov er det ikkje jul før dette er på plass, heldigvis har neste generasjon det slik også, og fleire med. Tradisjon.

Bryllup var også glede. Kristneteppe vart ofte lagt over altarringen, og det nygifte brudeparet knelte på det når dei vart velsigna etter vielsen. Ein fin skikk som enkelte fortsatt brukar.

Skikkane ved bruk av kristneteppe bør

haldast ved like. Teppa er for fine til å ligge bortgøymd i ei kommodeskuff. Er det berre Valdres som har kristneteppe-tradisjon? Eg har sett fine teppe i skilbragd-teknikken frå andre plassar i landet, med anna mønster, både på Vestlandet, Austlandet og Telemark. Eg veit at Telemark har eit vakkert teppe, kalla Telemarksteppa. Mønsteret er rundare i formen, Valdres har meir firkantar. Telemarkteppet er i duse, gjerne brungule-grøntonar, ikkje så friskt som kristneteppe her. Korleis bruken av det er, kjenner eg ikkje til.

Eg har fått spørsmål om enkelte gardar hadde sine egne mønster/fargar på teppa. Det er vel veverska som helst har prega fargane og innslaga. Det å setje opp ein kristneteppe-vev var eit stort arbeid med over 2500 trådar som skulle tres tre gonger osv. Det var nok mest brukstøy som vart vove, men vi veit at summe gardar hadde sitt eige rutestoff til bunadar og liknande. Dette var enklare å veve.

Dette var litt om korleis dei vevde katafalkteppa i Høre og Heensåsen kyrkjer vart til og korleis bruken av kristneteppe har vore og framleis er. Håpar dette ikkje vert ein bortgløymd tradisjon.

Med helsing Berit Oldre
Foto: Thor Østbye

Til minne om Elisabeth Sparstad

Elisabeth forlot oss den 5. juni, etter et langt, rikt liv. Et liv preget av store og fundamentale endringer, motgang og medgang, gjorde Elisabeth til en moden og empatisk kvinne med stor sympati for dem som ikke er født med sølvskje i munnen. Hun har vært der selv. Hun har også stjålet for å stille sult og ville glatt ha løyet til immigrasjonsmyndighetene om det skulle være nødvendig. Sa hun i hvert fall. Solidariteten hennes lå hos dem som fikk begrenset frihet fordi de er født på feil tid, feil sted eller har feil hudfarge. Dette minnet henne alt for mye om grusomhetene under 2. verdenskrig.

Elisabeth ble født i 1929, i den lille landsbyen Schneidemühl i Schlesien, lengst øst i det som den gang var Tyskland, nå i Gdansk distrikt i Polen. Her vokste hun opp med moren Irene, faren Josef og tre søsken. Med svær inflasjon var det vanskelig å klare seg. Elisabeth husket krystallnatta, hvordan hun undrende så mennesker bli jaget rundt landsbybrønnen i bare nattøyet. I 1944 måtte familien flykte, og det gjorde sterkt inntrykk at besteforeldrene på farssiden måtte etterlates på pleiehjemmet. Moren sydde «ryggsekker» av gardinene før hun og barna bega seg ut på flukten. Vinteren var kald og brutal. Omgitt av dumpe drønn og en vinterhimmel opplyst av eksplosjoner og brann flykta de fra gjemmested til gjemmested. I likhet med 12 millioner andre flykninger. Voldtekt, sult og død ble virkeligheten. Hennes familie var heldige og overlevde.

Elisabeth fullførte en veldig god artium og begynte som student i Bonn. Der traff hun Tormod Sparstad, som var i Tysklandsbrigaden, giftet seg med ham og flyttet til Oslo i 1953. Hun fortsatte studiene ved Blindern og jobbet som stuepike og koldjomfru på Ansgar hotell til barna ble født: Birgitte, Torfinn, Jan og Katharina. Selv om Elisabeth var en varm mor, ble også deres barndom preget av flukten. Elisabeth levde resten av livet i skyggen av disse opplevelsene. Etter hvert ble ekteparet skilt, og til tross

for utfordringene greide Elisabeth å bygge seg en karriere. Hun praktiserte læreryrket uavbrutt i 60 år og skrev flere lærebøker i tysk. Hun fikk også sitt eget tyskkurs på NRK – «Wie bitte» – som gjorde henne kjent over hele landet. Hennes stemme lød i Friundervisningens tyskkurs og i den tyske utgaven av værmeldingen som ble lest i Reiseradioen daglig sommeren igjennom.

I 1972 flyttet Elisabeth og de tre yngste barna til Sparstad. Elisabeth hadde fått jobb som tysk- og gym lærer. Hun ble fort aktiv i bygda, startet opp Friundervisningen og arrangerte torgdager. Hun ble den første kultursjefen i Vang og startet Vang Hagelag. Hage var hennes lidenskap, og hun holdt inspirasjonskurs rundt om i landet. Hun var med på å etablere Norsk ØkoUrt, der hun lenge var med i styret. Hennes eget husstell bar preg av årene med nød, med egenprodusert mat av diverse slag. Elisabeth elsket Vang. Hun kløp seg i armen og sa «Se på dette, vi må aldri venne oss til hvor vakkert det er».

I løpet av årene tok fortiden henne igjen. Hennes mor Irene Bonin greide seg ikke lenger alene i den lille landsbyen i Syd-Tyskland. Elisabeth tok henne til Vang der hun levde sine siste år. Behovet for å bearbeide inntrykk kom til uttrykk i flere bøker, i



alt tre romaner i tillegg til lærebøkene. Bøkene «De tar ikke barn» og «Ditt sted på jorda» er klart inspirert av hennes fortid.

I 1989 etablerte hun sitt eget gartneri, Fjellblom stauder, hvor hun dyrket frem svært robuste planter, tilpasset det barskeste klima. Bedriften hadde flere ansatte, men greide likevel ikke å holde tritt med den økende etterspørselen. Selv om Elisabeth elsket bedriften, måtte hun selge. I 2002 kom boka «Grønn lidenskap». Den har nådd mange hageelskeres hjerte. Hun rakk å oppleve at den ble oversatt til engelsk i 2019. Som pensjonist var hun fortsatt aktiv: deltok i pensjonistlaget og litteraturklubben og stilte som kommunestyrekandidat for Miljøpartiet de grønne. Som 80-åring



kjøpte hun seg digitalt spanskkurs og reiste hver høst til sin eldste datter i Andalucia, hvor hun fulgte spanskundervisningen. Som glødende engasjert omviser i Øye stavkirke kunne hun guide på engelsk og tysk – og spansk.

På 1980-tallet skjedde det store endringer ute i verden, og det kom flyktninger fra mange land, også til Vang. Sammen med flere startet Elisabeth en egen støttegruppe for flyktningene og hjalp dem å finne vennskapsfamilier i bygda. Årene med krig og flukt hadde gitt henne en livsoppgave: ingen skal holdes utenfor. Hun var oppdatert og engasjert til det siste, og spesielt flyktningpolitikk berørte henne inn i hjerteroten. Hun var sterkt kritisk til dagens flyktningpolitikk. For mange flyktninger og asylsøkere ble hun veldig viktig. Hun så hver enkelt,

forsto, hadde omsorg og gav mange tilbake troen på egenverdet. Hun lyttet og de følte seg inkludert. Dette var kanskje også den mest givende tiden for Elisabeth. Hun fikk mye kjærlighet tilbake. Etter at asylsøkere med avslag mistet retten til norskundervisning, stilte hun opp hver onsdag med norskkurs på Frivilligsentralen. Hun ga et snev av mening i en ellers meningsløs tilværelse. Dette fikk også betydning for integreringsarbeidet. Hun var nok sliten av og til, men som hun sa: når hun var der sammen med elevene sine var hun hverken sliten eller svimmel. For sitt engasjement fikk hun Kongens fortjenestemedalje 2015.

Med Elisabeth har vi mistet et tidsvitne for noen av de viktigste hendelsene i nyere europeisk historie. Men vi har også mistet en viktig samvittighetens stemme i samfunnet.



Sidsel Offergaard Jevne,
på bakgrunn av familiens minneord
Foto: Privat


Allehelgensdag – hva er egentlig det?

Allehelgensdag? Alle helgeners dag? I en luthersk kirke? Gir det egentlig mening i våre dager? Kanskje er det derfor dagen også kalles for Helgemesse – men da er det noen nyanser man går glipp av.

Dagen er opprinnelig en minnedag for alle helgener. I kirker med helgener – som f.eks. den katolske – minnes man denne dagen alle helgenene man ikke kjenner navnet på. På primstaven finner man jo navnet på mange helgener som hadde sin egen dag: Mikkelsmesse, Marimesse, Simonsmesse, Klemensmesse og mange andre – for ikke å snakke om St. Hans og Olsok, som er til minne om henholdsvis Døperen Johannes og Olav den hellige. Men allerede på 800-tallet la pave Gregor IV feiringen av alle de «navnløse» helgenene til 1. november. I middelalderen var det utallige slike kirkelige festdager, og Alle Helgens Dag var en av dem som overlevde lenge som helligdag. I Danmark-Norge ble dagen offer for «festdagsreduksjonen» i 1770 og ble nå lagt til første søndag i november. Slik er det fortsatt i Den norske kirke, men Den katolske kirke

feirer fortsatt dagen den 1. november. Både i vårt og i andre kirkesamfunn er det også vanlig å minnes de døde denne dagen. Offisielt er det i Den norske kirke en minnefest for alle som har gått foran – helgener, martyrer og familiemedlemmer – en dag som blir feiret for de som lever. Men mange føler nok at dette er en dag hvor de kjenner på sorgen over dem de har mistet og det tapet de har lidit, men også takknemlighet over hva de har fått. Mange kirkesokn har tradisjoner knyttet til denne dagen. Til Allehelgensmesse her i Vang inviteres etterlatte etter dem som har gått bort i året som har gått, og navnene på de avdøde leses opp. Mange tenner lys på «sine» graver. I Høre stavkirke blir det i år åpen kirke med orgelmusikk denne ettermiddagen. Her kan alle komme som ønsker en stille ettertankens stund med vakker musikk.

Den liturgiske fargen for Allehelgensdag er hvit, som er kirkens festfarge. Det skyldes den historiske bakgrunnen for dagen, at man feiret de døde helgener og alle andre døde, på samme måte som i den katolske kirke. Den hvite fargen



markerer at vi gleder oss over det de døde har betydd for oss.

Dagen før Allehelgensdag er kjent som Allehelgensaften, og i den engelsktalende del av verden har merkedagen «halloween» utviklet seg fra denne. Tradisjonen rundt denne dagen bygger på tilknytningen til de døde og til sjelene deres. Dette har utartet til en feiring som etter min mening trekker oppmerksomheten bort fra dagens egentlige innhold.

Tekst: Sidsel Offergaard Jevne

Kulturminne: Viste du om desse? ... no er dei borte! Del 1

Det foregår for tida stor og etterlengta vegutbetring etter E16. Statens Vegvesen – eller kva dei no eventuelt heiter – har vorte svært flinke og nyttar mykje ressursar på å ta vare på kulturminne. Men noko må og fjernast for å få til gode løysingar.

Eg som årleg er på farten med rydding etter E-verkets linjenett her i Vang, får ofte auge på noko eg ikkje har sett før. Slik var det og bortved Ala bru, eg dreiv og rydda vindfall og gjenstående tre ved linja og hytta nedved elva der. Det er stadig behov for å kvile armar og rygg i dette arbeidet, og i ei slik pause sveipa blikket over elva der ho rann under brua. Brått stoppa det heilt opp, kva var dette og kven hadde gjort det? Det eg såg, kjære lesar, var tagging, eller kanskje heller grafitti-kunst, då det dekte mest heile flata på bru-kara på begge sider av elva. Det var figurar, litt skrift og bokstavar som sikkert fortalde innvidde kven som stod for verket. Eg beundra det heile og tenkte – kor mange i Vang veit om dette tru?

Så kjem E16-utbygginga sørfrå til vår kommune. Eg får høyre at Ala bru skal rivast, og ein dag eg dreg forbi, slær tanken meg: kunsten på bru-kara må takast vare på for ettertida! Eg bremsar, riggar bilen inn i avkøyringa og hoppar ut. Er dessverre ikkje slik perfektjonist som ein del andre med fotoutstyr her i kommunen. Det er no eg har tid, no skal det ordnast – og dette var det eg fekk til den dagen, men for dei som ikkje visste om det, er resultatet svært mykje betre enn ingenting!

Så får eg høyre at Ala Camping har eit slikt bilde på Facebooksida si. Hallfrid Wangensteen sender meg sine bilde, tekne for 8-10 år sidan, og vi oppdagar at det er forandringar frå då og til eg fotograferte. Det vi er spente på no er: kjem det liknande kunstverk på bru-kara til nye Ala bru?

Mens vi talar om bru-kar: da det kom ny bru over Begna ved Tveit i 2020, vart det flotte, gamle bru-karet midt i elva reve.



Det er fleire kulturminne som blir borte i vår kommune no, tenkjer eg, og ringte Nils Rogn for å få litt hjelp. Nils svarar han skal sjå etter om han har bilde frå slikt som no blir borte. Han nemner Dokken-huset, rett over vegen for Vangnes. Eg hadde også tuftene etter støga til Konsulen i tankane, men det finst diverre ikkje bilde av denne støga, som vart reve omkring 1960. Nils fortel han har teke bilde av dei fine steinmurane langsmed Ala. Dei er no borte, det nye kraftverket får utløpet sitt der murane var. Ein kunne også sjå rester av ein gamal veg oppover langs Ala. Nils undrast om det var her Svarvaren kanskje hadde dreve sitt handverk. «Eg veit ikkje noko meir om desse karane, så du får slå opp i Historielagsbøkene – meiner eg har sett noko der», seier Nils.

Etter gjennomgang av 20 bøkens innhaldslistar gav eg opp. Ringde Tore Hovda og sa som sant er: «Telefon er ein fin sak, ein treng ikkje lenger besøke naboen for å spørja etter hjelp. Ei liste over alt som har stått i Tidsskrift for Valdres Historielag, finns det?» «Det kan du få hjå meg», svarta Tore. «Men den får du

kji over telefon, då får du vær sågo ta de ein tur innom. Konsulen, han har far skrivi litt om i boka si Vilt o Vetøgt o den har du vøl.» Tore nemde ogso at det var tufter etter ein husmannsplass under Øylo, litt ovafor E16 borte ved Øyloøddin. Plassen heitte Øddin, men folka der utvandra til Amerika. Tore hadde sjølv sett noko som kunne vera hustufter, men dei er nok og borte no.

Dette får eg kome attende til ved seinare høve.

Tekst og foto: Ivar K. Hemsing
Foto: Nils Rogn og Hallfrid Wangensteen

HØSTKONSERT

Fjellblomen musikklag med gjester
arrangerer høstkonsert på
Åsvang samfunnshus
søndag 24. oktober kl. 19.00
Hjertelig velkommen!

Utlodning med fine gevinster
Gratis inngang

Den store barnedåpen på Helin

Lørdag den 10.07.21 ble Theodor Blikstad-Lajord, sønnen til Anja Blikstad og Endre Lajord, døpt på Helin.

I de naturskjønne omgivelsene rundt Helin var rammene for den store dagen perfekt.

Familie fra Sarpsborg og Vang delte denne fine begivenheten. Selve dåps-handlingen foregikk nede ved «strønde» på Helin. Det var en dag fylt med glede og forventning og ikke minst masse regn. Men det gjorde ingenting, for vår sporty prest Ingebjørg Vik Laugaland stilte i rød sydvest, støvler, prestekjole og mye humor og glede. Dåpsvann var det nok av, og som presten sa: «Det er stas når heile Helin blir ei nådekjelde der du sameinar oss med deg».

Dåpsvannet ble tatt opp av søskenbarnet Sverre på 2 år i en sølvkopp som

morfar Bjørn fikk til sin dåp. Kusine Ada holdt dåpskluten til å tørke hodet med. Det var god stemning selv om det pøste ned. Alle gjestene var godt forberedt og stilte i støvler og med paraply.

Vår lokale spelemann, Jørgen Kvam, leda prosesjon ned til Helin med sine vakre toner fra fela, sammen med stolt storesøster Livia som bar prosesjonskorset. Tante og gudmor Marie sang Kari Bremnes' vakre salme «Et lite barn som kommer».

Tusen takk til Jørgen, tante Marie og Ingebjørg prest.

Det ble en annerledes dåp som vi alltid vil minnes med glede.

Hilsen farmor og farfar,
Tone og Helge Lajord



Aina Blikstad og Endre Lajord med sønnen Theodor.



Storesøster Livia med prosesjonskorset.



ET LITE BARN SOM KOMMER

Tekst: Kari Bremnes
Sang: Marie Lajord

Her e det et lite barn som kommer
Ny i dette landet, myk og varm.
Ennu har det ikkje sett en sommer
Ennu kan det bæres på ei arm.
Ennu e det ny for sol og måne
Ennu kan det trostes av en sang
Ennu ny for mysterium og under
Lite barn i kirken første gang

Nu e alle lysan tent her inne
Sånn at ikkje mørket kommer til
Mätte alltid gode land få skinne
Sånn at ingen barn kan gå seg vill
Lyse som fortellinge om nåde
Lyse som for barmhjertighet og håp
Lyser for et lite barn som kommer
I en kirke, i en hellig dåp.

Konfirmantar 2022

Sina Sofia Eltun
Ronja Angelina Havro Grube
Hannah Johansen Grøv
Mikkel Hermundstad Hovi
Sondre Steile Hovi
Marius Hålien
Marlene Wangensteen Jægersborg

Kristina Kislaja
Nathaniel Noguchi Kjørlien
Sebastian Kvale
Pernille Langedrag
Even Sandsengen Neshagen
Torjus Tørstad

Siri-Gro Solemsli takkar av og vert pensjonist

Siri-Gro var sentral då det vart oppretta song- og musikkråd her i Vang og tok del i paneldebatt saman med mellom anna Ragnar Alrek og Jan Stundal. Ho var vidare med i ein komité som skulle greie ut og arbeide for kommunal musikksskule i Vang, og Vang kommunale musikksskule vart etablert i 1986 med Gunnar Baden som rektor. Siri-Gro vart ein naturleg del av lærarstaben, og vi ser ho er av dei som får blomster etter at fyrste avslutningskonsert vart gjennomført våren 1987. Det var 90 elevar fyrste året, og Siri-Gro underviste på blåseinstrument. Men allereie før dette hadde ho markert seg her i Vang med sin musikk der ho var delaktig i teaterframsyninga Wille Vang, der ho deltok på trompet i orkesteret.

Siri-Gro var viktig i Vang skule- og ungdomskorps sin periode der dei to gonger besøkte venskapskorpset Bargfeld i Tyskland. Dette korpset kom og to gonger til Vang. Her ser vi Siri-Gro i bunad dirigere korpset under eit besøk i Tyskland 1989. På det andre biletet frå Tyskland er det dirigenten frå Bargfeld som dirigerer og Siri-Gro sit bak til venstre i orkesteret. Bileta frå Tyskland er tekne av Marie Hermundstad, og ho let vel om arbeidet som Siri-Gro gjorde med hennar born i skulekorpset. Siri-Gro har og vore dirigent i Høre mannskor og Fjellblom musikklag.

Gunnar Baden meiner at Siri-Gro og Ragnhild Hovda har vore dei viktigaste støttespelarane i kulturskulen den tida han var rektor, og tenker at skulekorpset seinare aldri har vore betre enn då Siri-Gro var dirigent. Siri-Gro er og den som har vore lengst tilsett i Vang kulturskule, ho har og vore lenger enn Baden sjølv.

Siri-Gro har i mange år vore musikk lærar i grunnskulen i Vang, der ho mellom anna har administrert fleire FN-konsertar. Ho har vidare stilt opp der grunnskulen sine kulturskuleelevar har spelt på mellom anna Drengestøga, til stor glede for brukarane der. Ho var ein viktig del av kulturskulen under skiping av konsertar, og vi ser ho her – ulasteleg kledd i forhold til Covid-19 – fylgje opp ein av dei nye talenta på piano. Ein annan pianoelev, Margrete Daae Mæland, tok etter kvart pianoutdanning på Norges musikkhøgskole, og ho fekk og Drømmestipendet i 2009. Siri-Gro var viktig den fyrste tida her i Vang for Margrete. Siri-Gro fekk anerkjennande applaus frå sine kollegaer på hennar siste konsert 7. juni i år i Vangshallen.





Det vart høgtid i Vang kommunestyre torsdag 17. juni då Siri-Gro Solemsli saman med sin elev Vebjørn Høyme Havro spela under opninga av dette møtet. Vakkert framførte dei Puff the magic dragon på flygelhorn med god applaus etter framføring. Det er nok mange Siri-Gro har rørt ved i sin undervisning. Dette vart siste oppdraget for Siri-Gro som tilsett i kulturskulen før ho vert pensjonist.

Vang kommune og kulturskulen vil takke Siri-Gro for framifrå innsats for song og musikk i kommunen og ynskje ho lukke til vidare i livet. Sjølvaste ordføraren måtte ha eit bilete av denne hendinga, som eit minne om Siri-Gro sin gode innsats for innbyggjarane i Vang.

Tekst og foto: Oddbjørn Skeie
Foto: Marie Hermundstad



Kva skjer på Lund arbeidsbase om dagen?

På Lund arbeidsbase er det aktive dagar no på hausten, og det er noko me likar godt.

Dei fleste av dykk veit sikkert at Lund arbeidsbase er ein base med tilrettelagte arbeidsplassar. Me har både plassar for varig tilrettelagt arbeid (VTA) og aktivitetsplassar. VTA-delen av Lund er ei underavdeling av Valdres Arbeidssenter på Leira, og me har rett som det er eit samarbeid om felles arbeidsoppgåver.

Me har fleire arbeidsoppgåver på Lund, vedarbeid, catering, jobbfrukt, utleige av møte- og selskapslokale, ei lita snikkarbod og gartneri. Og heldigvis, etter nedstenging og gradvis opning, er me no snart attende der me var før koronaen kom.

Vedproduksjon er noko me arbeider med heile året og gjev oss mykje glede. No på hausten leverer me ut ved til mange kundar som vil sikre seg til vinteren. Og her har det også skjedd mykje dette året som me set stor pris på. Det er bygd eit stort, fint vedlager som gjer til at me kan lagre veden vår under tak i vinter. Dette lettjar arbeidet vårt mykje. Me slepp stå i snøhaugen for å måke fram tørr ved som må inn i ved-hallen for ettertørk før me kan levere han ut. Og me har fått ny bil! Ein oransje, stor kassebil som veden og andre varer kan fraktast i. Jubelen var stor då me rett etter ferien kunne ta imot bilen og feire

med flagget til topps og kake.

Cateringaktiviteten har lege nede lenge grunna koronasituasjonen og lite fysiske møter. Men no er me så smått i gang att. Møtemat med variert lunsjmeny og fruktbeleg kan me tilby. Det er nok fleire av dykk som har smakt dei populære baguettane våre med brie og rips. Kvar måndag pakkar og køyrer me ut jobbfrukt til fleire bedrifter i Vang.

Gartneriet vårt er sesongarbeid. Sumarblomar og juleblomar vert seld her. Det er og slik at me plantar på om lag 130 graver i Nord-Aurdal kommune. Denne plantinga er eit samarbeid med Valdres Arbeidssenter på Leira. Snikkarbua vår produserer og forskjellige bruks- og pyntegjenstandar som vert seld i gartneriet når det er ope for sal av blomar. Her er det noko for kvar ein smak som eignar seg supert til julegåver til ein god ven eller familien, og som du ikkje finn andre plassar.

Har de høyrte om Grøne Lund? Då har de sikkert og fått med dykk at dette er me på Lund ein liten del av. Såing, prikling, utplanting, hausting, pakking og utkøyring. Dette er nye arbeidsoppgåver som passar oss heilt strålende. Å vera med på nyskaping som skjer i eigen kommune, er artig.

Sjølv om Lund er delt opp i både VTA og aktivitet er me ein felles gjeng som



Geir Katevoll leverer grønsaker frå Grøne Lund på Syndinstøga.

stortrivst med å arbeide saman. Arbeidsmotivasjonen er stor og latteren sit laust i pausane. «Mø på Lund» er heilt einige om at me har verdas beste arbeidsplass! Me gleder oss til å sjå dykk i gartneriet når jula nærmar seg og gartneriet bugnar av juleblomar og heimelaga julegåver.

Fram til då ynskjer me dykk ein flott haust. Og du – du finn oss på Facebook om du har lyst til å fylgje med på kva som skjer hjå oss.

Marit Gjærdingen



Gjengen feirar ny bil.



Eirik Høyme Rogn rettleiar i grønsakpakking.

Eit pulsslag frå fortida

Det slo meg då eg køyrde oppover den fine julidagen i sommar, kor viktig Kyrkjestølen og St. Tomaskyrkja var den gongen, fleire hundre år tilbake i tid, som samlingspunkt for menneske på vandring, ein stad der folk fann saman. Slik var det den gongen, og slik er det framleis.

Jørn Hilme-stemnet har hatt tradisjon i fleire år med festivalopning på Filefjell. Fyrst stilletur gjennom det vakre landskapet frå Maristøga og til Kyrkjestølen, sidan konsert i St. Tomaskyrkja. Dagfinn Hegg-Lunde har vore guide over fjellet sidan starten og er det framleis. Med stor lokalhistorisk kunnskap fortel han om det vi ser, merke i landskapet, gamle ferdslveggar, tufter og vegar. Kven gjekk her før oss? Kva kan naturen fortelje oss om dei som vandra her i førkristen tid?

Sidan var det konsert. Det er ti år sidan syskena Per Anders og Ingvill Marit Buen Garnås gav ut den kritikarrote plata Salme, segn og solbøn, som kom ut på plateselskapet Ta:lik. På plata dukkar dei ned i dei mange religiøse laga i folkemusikken. Ulike religiøse straumdrag har til alle tider sett merke etter seg i folkemusikken og i den munnlege tradisjonen. Førkristne og katolske motiv har smelta saman og levd vidare i songar og segner etter reformasjonen og delvis fram til i dag. Per Anders byrja å spela hardingfele i 6-årsalderen, inspirert av onklane Hauk



og Knut. Han har vunne Landskappleiken fire gonger, vore nominert til Spellemannprisen tre gonger og medverka på eit utal plater og konsertar. Systera Ingvill Marit syng i tradisjon etter mor si. Ho har ei stor breidde i repertoaret sitt, som spenner frå stev, viser og vers til gåteviser og balladar frå områda Telemark og Setesdal. Ho har òg vunne Landskappleiken tre gonger, medverka på mange konsertar, og ho har gjeve ut fleire plater.

Mykje kan seiast om syskena Buen Garnås. Dei er meistarar i kvar sine sjangrar, men kanskje er det fyrst og fremst kunnskapen om det dei held på med, som inspirerer meg. Praten, forteljingane, samanhengane. Ikkje alle utøvarar veit å flette musikken med tanken, eller dei ser at det er naudsynt for i det heile å skape ei god og samlande musikalsk stund.

Eg skal ikkje sei meir om det som vart framført og sagt, men ei vise vil eg trek-

ke fram. «Frealause menn» er ei grotesk forteljing om fleire menn som legg ut i ishavet på sjøve jolaftan. Karane kjem ut for uvêr, dei strandar og kampen om å overleve tek til. Når det er som verst byrjar dei å slå terning om kven som må ofrast, men idet dramaet er på sitt mest intense, kjem jomfru Maria til unnsetning. Ho leier mennene trygt over havet og heim.

Dei er ikkje alltid enkle å forstå, mellomalderballadane. Kva meining finst bak orda og det som blir sunge? Finst ein bodskap som eg ikkje ser? Nokre gonger er det fint å gå i djupna, andre gonger att er det godt å la tonane fylle sjelslivet utan at vi alltid forstår. Kanskje er det dette som er krafta og kjernen i all musikk, i all kultur? Eit horn av uendelege og uforståelege tonar, eit pulsslag frå alt som ein gong fôr forbi?

Tekst og foto: Knut Aastad Bråten
Foto: Guro Hovda

Open kyrkje i Vang

Stor takk til Kari Hytten og Jamal Khordehbinan som delte på å halde kyrkja i Vang open på vekedagane i juli! Av gjesteboka inne i våpenhuset kan me lese at fleire var innom.

Takk også for fin pop up sommar-konsert 1. juli om kvelden.

Ingebjørg Vik Laugaland



Torsheim forsamlingshus

Vang Ungdomslag - del 1

Det er mykje som ikkje er bra med korona, men noko som er bra, er at ordet dugnad har kome til heider og verdigheit att.

Eg tykkjer det har vore moro å skrive om Vang Ungdomslag og om Torsheim. Eg trur at alle tidsperiodar i ei bygd, i eit lag, er like viktige. Men for meg og mine jamgamle var tida frå ca. 1955 til ca. 1965 i ungdomslaget svært bra.

Torsheim er bygd på Torehaugen. Om namnet Torehaugen sa gamle Bøye Skøre: «Det har vel med avguden Tor å gjera. Kanskje er det også grunnen til at ikkje alle dei geistlege likte det som folk heldt på med på Torsheim so alt for godt.» Kanskje er det so enkelt at han som dyrka Torehaugen, heitte Tor, og derfor vart namnet Torekjelva, eller Torebakken. Då vart det lett Torsheim når det skulle settast namn på samfunnshuset. Om noko av dette er kvar namnet kjem frå, veit eg ikkje, men med di hjelp trur eg me finn opphavet til Torsheim. Dei på Skøre gav tomt til Torsheim, med det einaste atterhaldet at dei skulle ha vasken av huset, mot betaling. Eg hugsar ikkje kor mykje Bøye fekk for vasken, men dette var kanskje ein slag dugnad for å betala for tomta.

Torsheim var eigd av Bondelaget (to delar), Skyttarlaget (ein del), og Ungdomslaget (ein del). Då Torsheim vart bygd, var det salen, veslesalen, kjøkken, garderoba (opp trappa i gangen), uthus med do og vedaskåle. Oppvarming var gamle omnen (rundbrennaren) framme i salen. Det vart seinare sett inn elektriske røyromnar under benkane etter veggane. På kjøkkenet var det (trur eg) ein kokering som kunne fyrast med ved,

dessutan ei dobbel elektrisk kokeplate. Om det var innlagt vatten hugsar eg ikkje. Men eg hugsar at me bar vatten frå samvirkelaget når det skulle vera 5. dagsfest, men det kunne også vera for at vatnet var avstengt så det ikkje skulle fryse.

Det mest verdifulle inventaret er det store måleriet av Midtgarden på Thune som heng på veggen på scena – kanskje det største biletet som er handmåla i heile Valdres. Mange har sagt til meg at biletet er måla av Sigvald Sem. Han var ein kunstmålar som ofte måla fine måleri «for mat og hus». Det var venteleg lett å få både husrom og mat i Vang, for det heng måleri av han i fleire heimar i Vang, men også på fleire av dei gamle hotella i distriktet. Kanskje ville det vera moro om nokon fekk samla desse rundt 100 år gamle landskapsmåleria frå Vang av Sigvald Sem til ei utstilling på Torsheim. Tru om bildet på Torsheim er laga som ei kulisse til ei eller anna teaterframføring? Vonar du veit meir om dette!

Det var mange festar på Torsheim. Årleg var det dansefest palmelaurdag, 17. mai-toget enda på Torsheim, med tale, song, leik og opptreden, mat og kaffi. Om kvelden var det fest med program for vaksne. Det var aldri lauv på bjørk i Vang då, so me fekk bjørk med lauv på sendt med bussen frå Lærdal. Hugsar endå den gode lukta av vår som det var på 17. maifesten.

I jula var Torsheim svært mykje brukt. Det var juletefest, bondefest, skyttarlagsfest og ungdomslagsfest. Trur svært mange «vangsgjeldingar» framleis

hugsar frostrøyken ved inngangsdøra, og til tider dampen som fraus til eit tynt islag på golvet.

På festane var det samla både gamle og unge. Dansemusikken var lokal – det var alltid ein eller annan som spelte på trekkspel, svært sjeldan fele. Men etter kvart vart det trekkspel, gitar og andre instrument, og kanskje song. Inngangen var lenge 50 øre, men det auka til 1 krone, og seinare 2 kroner.

Torsheim var også svært mykje brukt til møte av ulike slag, til fyrstehjelpskurs, Bygdekinoen og til kulturarrangement med tilreisande aktørar. Knut Bøland hadde gymnastikk på Torsheim. Tenk kor lenge turnringane hang i takåsen! Og så basaren til Helselaget! Medlemene i laget hadde laga alt det fine som kunne lagast med to hender, og alt vart lodda ut til inntekt for det gode arbeidet dei dreiv. Tenk at det ikkje er lenger sidan det å koma saman (dugnad) og laga noko til felles beste, var ein stor del av kvardagen for mange i Vang! Og sjølv den årlege rundvasken var moro, når mange var med og brannlaget stilte med ei brannsprøyte som vi spylte veggane med, også inne i huset, og vatnet rann ut gjennom nokre hol i golvet.

Eg vonar at du som les dette vil tenkja over og fortelja om det du hugsar, kanskje skrive det ned, so det ikkje vert gløymd. Det er også fint og ikkje minst moro, for deg, for alle, om du hugsar morosame ting som har hendt på samkomer på Torsheim. Kanskje kan du ringe, eller skrive, so skal eg få det med. For om du og eg ikkje hugsar slikt, er det i alle fall borte. Det ville vera gale.

Olav Wangenstein
(teksten er forkorta)



Førstehjelpskurs. Foto tilhøyrer Vang folkebibliotek
20



Torsheim forsamlingshus. Foto:Nils Neste, eier: Valdresmusea

Haust på biblioteket og frivilligsentralen

Valdres litteraturfest



28. august – 17. september arrangerte valdresbiblioteka over 50 arrangement! Tre veker fylt med forfattarbesøk, konsertar og mykje meir fordelt på biblioteka over heile Valdres. Berre i Vang hadde vi 16 arrangement med til saman 230 deltakarar!

Som første arrangement i Vang held Marianne Isachsen kunstinntallasjonen bok rom ope for publikum. Så gjekk det slag i slag med foredrag med Thorvald Steen, lesesirkel, litterær lunsj, avslutning på Sommarles med Klovn Knut, kunnskap til lunsj, teiknekollektivet, strikkekafe der Tonje S. Skårdal held foredrag, før bokbadet med Erling Greftegreff avslutta litteraturfesten.

I tillegg var barnehagane på besøk, og vi besøkte VBU og las og prata om bøker til fem av klassane.

Biblioteksjefane er einige i at det blir Valdres litteraturfest neste år også, så det er berre å glede seg!

TV-aksjonen



Kvart tredje sekund blir ei jente gifta bort, ein plass i verda. Gjennom årets



TV-aksjon skal vi saman gi jenter mogelegheit til å velje si eiga framtid, og vie seg til livet!

Pengane går til Plan International og skal nå ut til tre millionar menneske for å få slutt på barneekteskap i dei landa der problemet er størst: Bangladesh, Nepal, Malawi, Mali og Niger. Dei jobbar for at jenter får bli på skulen, at barn, unge og eldre får opplæring i jenter sine rettigheter og i likestilling, og for at lovverket skal beskytte barn frå å bli gifta bort. Barn skal få vere barn, ikkje brud.

Frivilligsentralen har fått ansvaret for å koordinere innsamlinga i Vang. Tusen takk til alle som har bidratt og skal bidra i aksjonen! Og så håper vi at så mange som mogeleg gir eit bidrag til denne viktige saka når bøssebærarane kjem på døra 24. oktober.

Julegåvedugnad



Frivilligsentralen samlar inn julegaver til born som ikkje har så mykje. Vil du bidra?

Vi ønskjer gaver som ikkje er pakka inn, så vil styret i frivilligsentralen pakke og fordele gåvene på best mogeleg måte. Vi ønskjer gaver til både jenter og gutar, frå 1 til 17 år. Vi tar imot gaver t.o.m. onsdag 24. november.

Frivillighetens år



2022 er frivillighetens år! Dette er ei nasjonal satsing for feire det viktigaste lagarbeidet i Norge. Alle lag, foreningar, frivilligsentralar, kommunar og andre blir invitert med for å synleggjere og

aktualisere frivilligheita og til å få fleire med. Året er forankra i regjeringa si Frivillighetsmelding, og det er Frivillighet Norge som har fått ansvaret for å planlegge og koordinere innsatsen.

Kva ønskjer du å løfte fram her i Vang? På frivillighetensar.no finn du mange artige prosjekt og arrangement som vi kan ta del i, eller vi kan finne på noko heilt eige. Om du har idéar så vil Marte veldig gjerne høyre frå deg!

Aktivitetsdag og sykkelmekking



Medan haustmørkret senkar seg, ser vi tilbake på ein av dei finaste kveldane i mai, då over 60 små og store koste seg med utstyret frå BUA Vang, 100 pølser vart grilla og servert, og ei ukjent mengde sykklar fekk nytt liv.

Helsing Marianne og Marte

Hele verden i lille Vang

Som de fleste har fått med seg, går det dessverre mot slutten med drift av asylmottak i Vang.

Det i seg sjøl er et så stort tap for så mange mennesker at det knapt kan beskrives med ord.

Tida er inne for å stille spørsmålet: Hvordan, eller hva, hadde Vang vært i dag, uten nesten 23 år med asylmottak i kommunen?

Et relativt retorisk spørsmål, men med en oppfordring til litt ettertanke over hva det har betydd for kommunen, bygda, kulturen osv., men mest av alt gir spørsmålet en mulighet til å reflektere over hva det har betydd for alle menneskene som har bodd på mottaket gjennom årene. Og hva menneskene som har bodd på mottaket har betydd for menneskene i kommunen.

De fleste svarene på dette finner vi om vi snakker med barna i barnehagen og på skolen. De vil nok alle som en, fra start til slutt for mottaksdrifta, være gode ambassadører for et mangfoldssamfunn som har bidratt til å viske ut skillelinjer mellom «dem» og «oss».

At dette mangfoldet blir borte, kommer til å være det største tapet for Vang når mottaket stenger dørene nyttårsaften i år!

For oss som jobber på mottaket har det selvfølgelig stor betydning når en god arbeidsplass gjennom mange år blir borte. Kompetanse blir borte, relasjoner mister sin betydning og fellesskapet

blir fattigere. I tillegg kan det også være kritisk når lønnsinntekt blir borte. Dette er også en dimensjon en skal ta inn over seg.

Vi skal også huske at beboerne på mottaket mister det nettverket de har her i Vang. De har selvfølgelig fått venner og bekjente på kryss og tvers av nasjonaliteter og alder. Venner skilles, kanskje for alltid, og det vil bli sårt for oss alle sammen.

Det er imidlertid ikke der vi har fokuset i skrivende stund. Hver dag dreier seg om menneskene som bor her. Ikke så mye om hva som skjer nå i høst, for vi vet at alle som en vil bli tatt godt vare på dit de kommer, uansett hvilket mottak de får plass på.

Som i de fleste situasjoner her i livet, gjelder fortsatt det samme, at når en dør lukkes, åpnes som regel en ny. Nytt miljø og nye omgivelser er ikke alltid negativt. Kan hende det er denne forandringen som gir en spore til å tenke nytt, til å vurdere annerledes, til å ta nye valg som skaper nye muligheter for resten av livet. Det er også en verdi som skal forvaltes.

Gjennom alle år har det kommet og gått mennesker inn og ut av mottaket. Faktisk så mange som 3000! Så mange historier og livsreiser som for kortere eller lengre tid har levd sitt liv her sammen med alle oss andre i Vang. Hvor kom de fra og hvor dro de etterpå? Hva har skjedd i livene deres?

En oversikt over hvor mange nasjonaliteter som har vært innom Vang i de

årene mottaket har eksistert, viser at vi har hatt mennesker fra 71 land boende på mottaket. Tenk om vi kunne ha arrangert en parade med alle disse 3000 menneskene fra 71 ulike nasjoner! Hele verden i lille Vang.

Det er ikke så vanskelig å lage en oversikt over hva mottaksdrifta har betydd i kroner og øre for Vang. Summene blir store, og konsekvensene av at disse inntektene nå blir borte vil nok merkes for flere. Men den humankapitalen som alle nå mister har uansett en større verdi. Vi får en annen type fattigdom, en fattigdom som ikke kan repareres med penger.

Derfor er det godt i dag å kunne lene seg litt på alle de gode møtene og relasjonene som har oppstått mennesker imellom opp gjennom alle årene. Det har vært en suksesshistorie fra start til slutt. Få samfunn i Norge har hatt en større verdi å forvalte enn Vang har hatt de siste 23 årene. Og jammen har vi i felleskap klart det på en forbilledlig måte! Kommune, næringsliv, tros- og livssynsamfunn, frivillige lag og foreninger, organisasjoner og ikke minst enkeltpersoner i hele kommunen har bidratt til å gi beboere på mottaket gode opplevelser og varme møter som har hatt stor verdi på veien videre.

I 23 år har vi kunnet være stolte av hva vi i felleskap har fått til, og hva vi sammen har opplevd.

For all ettertid skal vi huske at vi har hatt: **Hele verden i lille Vang.**

Egil Bjørslund
Vang Mottakssenter





Bruk bygdas egne bedrifter

Ala Camping	93 42 94 02	Mjøsvang Kafe	99 56 70 54
Alle Gode Ting Er Tre	48 09 59 48	Monter Kvismo	61 36 81 85
Bøflaten Camping AS	61 36 74 20	Ola Grøv – kontor og regnskap	61 36 77 13
Bjørn Hammerstad Transport	90 84 15 00	Pelssau, Bente Wangensteen	99 71 43 18
COOP PRIX avd. Fjellvang	61 36 75 30	Rogn Bil og landbruk	
Egges Mekaniske AS	91 19 29 14	v/Odd Harald Rogn	61 36 82 16
Elektrisk Installasjon AS,		Ryfoss Bensin & Service	61 36 82 30
v/Kjell Arne Dalåker	61 36 70 56	Ryfoss Betong A/S	61 36 44 00
Elektromontasje,		Ryfoss Treningssenter	48 12 42 52
v/Vidar Wangensteen	48 26 73 64	Tveitabru Bygg AS	61 36 81 02
El-Montøren AS v/Tørris Helle	90 96 83 00	Tyin Filefjell Skiheiser	46 66 56 65
El-Tjenester, Stein I. Sæternes:	99 55 18 17	Tyin Filefjell Utvikling AS	61 36 77 48
Filefjell Kjøpesenter,		Tyinkrysset Fjellstue AS	61 36 78 00
v/Arnfinn Hermundstad	61 36 77 17	Tyinlam	99 46 61 15
Fosse Frisorstudio	94 89 12 05	Valdres Gjensidige Brannkasse	61 36 07 11
Grindaheim Bygg &		Valdres Gravsteinsindustri	95 17 55 95
Restaurering v/ Bøye Kvale	91 30 13 14	v/Jon Magnus Hjelle	
Harald Thomas Jevne, Tømrer	48 29 29 06	Vang Auto-service AS	61 36 75 00
Haukåsen Sølvis Saum	95 91 55 06	Vang Bunadsaum	41 56 07 59
Heen Tre - Nils Harald Heen	90 93 29 57	Vang Bygg AS v/John Myhre	97 51 95 37
Hemsing Maskin AS	99 23 03 36	Vang Grave- og Transport-	
IngWi modell	91 78 01 38	service AS	95 87 90 04
ingridesign: Logo & Layout	91 71 05 40	VangiValdres taxi	46 30 46 30
Intersport Filefjell AS	61 36 73 46	Vang Maskin AS	91 10 19 28
Joker Ryfoss AS	61 36 80 77	Vang Rør	99 52 22 22
Jotun Bygg AS	99 69 06 30	Valdres Sparebank, Vang	61 34 36 00
Jotun Kraft AS	61 36 75 50	Øye Bygg og Bo AS	61 36 87 68
Kampenens Begravelsesbyrå	61 36 17 70		



Slekters gang

Heensåsen sokn

Døyp:

13.05: Henri Heen

Død:

03.10: Heinz Olaf Kassel

Urnedsettelse

02.08: Grethe Tellefsen († 29.01.21)

Vang sokn

Døyp:

10.07: Theodor Blikstad-Lajord

Vigsel:

25.09: Caroline Verdich og
Håkon Samuelsen

Døde:

27.07: Målfrid Haugen
20.08: Astrid Katevoll

Øye sokn:

Døyp:

04.07: Oliver Skrebergene Stende

Vigsel:

26.06: Sigrid Seim og
Nikolai Belsvik
24.07: Elisabeth Roen og
Ove Grøndal
07.08: Gry Bystøl og
Henning Gladheim

Død:

06.10: Olaf Holien

PROGRAM ETTER HAUSTFERIEN



FOLKEBIBLIOTEK
FRIVILLIGSENTRAL



Barn, ikkje brud - vi ladar opp til årets TV-aksjon	Veke 42
Opning av årets Haustutstilling - Erling Sand, fotografi	Laurdag 30. okt
Konsert med Trio Gyllensvård	Sundag 31. okt
Vikingblot, tusseladdar og skjoldmøyer - med Ragnhild Lund og Jon Heimlid	Fredag 12. nov
Bokkveld - med utdeling av positivprisen	Onsdag 1. des

På arrangementa vil det vere avgrensa plassar.
Vil du sikre deg plass: meld deg på til biblioteket eller frivilligsentralen.
Alle må følgje gjeldande smittevernreglar. Vi fører deltakarlistar for smittesporing.
Følg med på heimesidene våre for meir info og eventuelle endringar.

FASTE AKTIVITETAR

Gitar ~ samspel	Måndagar kl 15
Teiknekollektiv	Måndagar oddetalsveker kl 19
Datafé	Tysdagar kl 13 frå oktober
Lekseklubb	Tysdagar kl 15
Strikkefé	Tysdagar kl 19
Lesesirkel	Tysdagar i ny og ne
Språkkfé	Onsdagar kl 12 frå oktober



biblioteket@vang.kommune.no
61 36 94 26
valdresbiblioteka.no
måndag/tysdag: 15-19
onsdag: 10-16
fredag: 12-16
laurdag: 11-16



frivilligsentralen@vang.kommune.no
61 36 94 25 / 46 81 64 73
vang.frivilligsentral.no
mån / tys / ons: 11-15

MENIGHETSBLAD FOR VANG

Utgjevar:

Sokneråda i Vang

Redaksjon:

Jovita Budvytiene, Ivar Hemsing,
Ingebjørg Vik Laugaland.

Redaktør:

Sidsel Offergaard Jevne
vangmenighetsblad@gmail.com

Rekneskap:

Kyrkjeleg felle råd
Kontonummer: 2146.30.04444

Merk:

Bladpengar kr. 200,- og oppover
Annonse kr. 200,- pr. år

Trykkes i 900 eks. fullfarge.

Gudstenesteliste

20. oktober – onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

21. oktober – torsdag

Vangshimmen kl. 13:00 Andakt

24. oktober – 22. s. i treeiningstida

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

31. oktober - Reformasjonsdagen

Øye kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis. Utdeling av bøker til 4- og 6-åringar

7. november - Allehelgensdag

Høre stavkyrkje kl. 11:00

Allehelgensmesse v/sokneprest Eli Vatn og organist Budvytis
Musikk i Høre stavkyrkje v/ organist Arthur Budvytis kl. 16-18

10. november - onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

11. november - torsdag

Vangshimmen kl. 13:00 Andakt

14. november - 25. s. i treeiningstida

Heensåsen kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland og organist Budvytis

28. november - 1. søndag i adventstida

Vang kyrkje kl. 11:00 Lys vaken-helg

Gudsteneste med nattverd v/sokneprest Laugaland, organist Budvytis og Lys Vaken-gjengen. Kyrkjegraut og juleverkstad på Torsheim etter messa

5. desember - 2. søndag i adventstida

Heensåsen kyrkje kl. 19:00

Lysmesse v/sokneprest Laugaland, organist Budvytis og konfirmantane

8. desember - onsdag

Vang kyrkje kl. 10:30 Morgonsong

9. desember - torsdag

Vangshimmen kl. 13:00 Andakt

Nyttilsette i Vang kommune frå august 2021

Jovita Budvytiene, Vang – Kulturskulemedarbeidar

Dominik Schmidt Philipp, Vang – Kulturskulemedarbeidar

Gunnar Kværne Amundsen, Øystre Slidre – Avdelingsingeniør Bygg

Lærarstillingar ved VBU
Intern tilsetting:
Aud Kolltveit, Ingrid Asheim
Hennum, Kristian Jægersborg, Eli
Belsheim og Anne-Guri Søndrol

Thea Almanning, Vang – Fagarbeidar Høre bhg og ped.på disp.

Andrea Haugen, Vang – Pedagogisk leiar, vikariat, Fredheim bhg –

Merete Gellein, Vang/Lesja – Pedagogisk leiar Fredheim bhg

Vilde Smeby Hammershaug, Oslo – Prosjektleiar leirskule Filefjell.

Wenche Løvlie, Vang – Fagarbeidar Vangshimmen.

Mimoza Zogaj, Vang – Fagarbeidar vikariat Vangshimmen.

Eskil Remmen, Vang – Lærling ved Utdanning og kultur.

Kine Kvam Hermundstad, Vang – Fagarbeidar Høre bhg, vikariat.

Anita Hakkebo Dokkehaugen, Lomen – Fagarbeidar Fredheim bhg vikariat.

Bertine Fretheim Neverdal, Vang/Tromsø – Leiar Vang læringscenter vikariat.

Maria Aaslund, Vang – Fagarbeidar VBU vikariat.



Vi les Bibelen saman

Vi inviterer vi til bibellesing i Heensåsen kyrkje. Dette er eit lavterskelttilbod der alle kan kome og høyre høgtlesing frå Bibelen. Ta gjerne med eigen bibel for å følge med.

Vi syng ein salme som passar til teksten eller etter ynskje.

Til slutt ber vi Fadervår. Samlinga varer ein snau time. Komande samlingar blir kl. 18.00 den 10. oktober, 21. november og 12. desember.

Velkomen!

Montér

Kvismo

monter@kvismo.no · tlf. 61 36 81 85

- har betalt denne utsendinga av
VANG MENIGHETSBLAD